



Slik fann folk bygdedyret ved brua i morgontimane tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit ualminneleg stygt tilfelle av gravskjending har funne stad på Stemneplassen i Uskedalen natt til tysdag: Bygdedyret, som vart gravlagt i ein Senterparti-regissert seremoni laurdag er grove opp att på sjølvaste valgnatta!

Kjempegraskaret som skulle symbolisera bygdedyret er plassert på muren ved brua og supplert med denne plakaten "Hei Benthe, no kjem eg heim!"

Benthe er Benthe Bondhus som kom med ideen om bygdedyret og leia seremonien.

Og dette er Benthens spontane kommentar til uskedalen.no: - Eg fekk melding om dette tidleg på morgonen og eg er frykteleig skuffa - ikkje minst på vegne av den eller de som har gjort det.

Dette understrekar ytterlegare kor stor jobben med å begrava bygdedyret vil vera i denne kommunen!

Av Ola Matti Mathisen